



**FAGFORBUNDET**

www.fagforbundet.no

**Fagforbundet Helse Førde avd. 747**

### Retningslinjer – stipendordning i Fagforbundet Helse Førde avd 747.

#### Du kan søke støtte til:

- Utdanning ved universitet og høyskule
- Vaksenopplæring
- Etter- og vidareutdanning på ulike nivå
- Yrkesfaglege kurs

#### Kategori 1:

All type grunn-, etter- og vidareutdanning på heil- eller deltid som er formelt kompetansegevande (gir studiepoeng) eller har ei varigheit på 80 t. eller meir.

Utbetaling for halvparten av dokumenterte utgifter etter stipendutbetaling frå Fagforbundet nasjonalt inntil kr. **7500,- pr. år.**

#### Kategori 2:

Kortvarige yrkesfaglege kurs med ein varigheit på mindre enn 80 t. Det vert utbetalt

halvparten av dokumenterte utgifter etter stipendutbetaling frå Fagforbundet nasjonalt inntil kr **4000,-.**

#### Generelle reglar i samband med søknaden:

- Du må ha vore betalande medlem (yrkesaktiv) i 6 månadar, og vere medlem av Fagforbundet avd. 747 Helse Førde for å kunne søke stipend hjå oss.
- Stipendordninga gjeld ikkje for lærlingar, elevlar og studentmedlemmer, men tidligare yrkesaktive medlemmer som går over i ein studiesituasjon kan søkje stipend.
- Fagforbundet helse Førde handsamar alle stipendsøknadane samla på siste styremøte kvart år, og søknaden må difor vere inne til 01.11. kvart år.
- Søknaden må vere Fagforbundet avd. 747 Helse Førde i hende før utdanninga er avslutta. For utdanning som avsluttast med eksamen eller fagprøve, vert dette sett på som avslutning av studiet.

#### Søklar må oppgje (sjå eige skjema):

- utdanning (kurset sitt namn)
- utdanningsstad/kursarrangør
- utdanning/kurset sine studiepoeng eller varigheit, du må leggje ved kopi av tilbod om studieplass.

#### Det kan søkjast støtte til følgjande utgifter:

- kursutgifter
- eksamensutgifter
- meirutgifter til opphald utanfor heimen
- skulemateriell (bøker etc.)

Det må leggjast fram skriftleg dokumentasjon (kopi av original bankkvitteringar) på alle utgifter som ikkje vert dekkja av arbeidsgjevar. Dokumentasjon på eventuelt avslag frå arbeidsgjevar må leggjast ved.

Det kan søkjast om utdanningsstipend ein gong for året. I tillegg til lokalt stipend kan du også søke stipend sentralt. Elektronisk søknadskjema på Fagforbundet.no/stipend.

Skei 30.01.23



**FAGFORBUNDET**

[www.fagforbundet.no](http://www.fagforbundet.no)

**Fagforbundet Helse Førde avd. 747**